



## MØTEBOK

### Prinsippvedtak - Bruk av utbyggingsavtaler i Seljord kommune - § 64 i plan- og bygningslova - slutthandsaming

Utvalgssaksnr.:	Utvalg	Møtedato
028/07	Kommunestyret	14.06.07

#### Saksdokument:

Kommunestyresak nr. 023/07.  
Lovtekst; plan og bygningslova § 64, gjeldande frå 01.07 2006

#### SAKSUTGREIING:

##### Bakgrunn

I tråd med vedtaket i kommunestyret den 26.04.07 vart framlegg til prinsipp for bruk av utbyggingsavtalar i Seljord kommune lagt ut til offentleg ettersyn i fire veker, frå og med 10. mai til og med 9 juni 2007. Høyringa vart meldt med lysing i Vest-Telemark Blad, Telemark Arbeiderblad og Varden.

Det har ikkje kome merknader til høyringsframlegget pr 6. juni 2007. Rådmannen vil presentere eventuelle innkomne merknader som har kome inn til kommunen v/plan- og næringsjefen i perioden 6. – 9. juni 2007, i kommunestyret den 14. juni 2007.

Rådmannen syner elles til vurderingar i saksutgreiinga i kommunestyresak 023/07 som omtalar realitetane i saka.

##### Vurdering

Det har ikkje kome fram nye moment som endrar føresetnadane for vurderingane, og rådmannen tilrår difor at kommunestyret godkjenner framlegget til prinsipp for bruk av utbyggingsavtaler i Seljord kommune, slik det vart sendt ut på høyring. Etter slutthandsaming vert vedtaket kunngjort på vanleg vis, og lagt til grunn for den administrative handsaming av arealplanar.

Til grunn for saksframlegget ligg m.a.:

- § 64 i plan- og bygningslova, gjeldande frå 1.7.2006. Kopi av sjølve lovteksten fylgjer som vedlegg til saka.
- Forskrift om forbod mot vilkår om sosial infrastruktur i utbyggingsavtalar, gjeldande frå 1.7.2006.
- ”*Veileder Utbyggingsavtaler*”. Gjeven ut av Kommunal – og regionaldepartementet i mai 2006.

### Konklusjon

Rådmannen tilrår difor at Seljord kommune tek i bruk utbyggingsavtalar som verkemiddel i samband med gjennomføringa av arealplanar som gjeld utbygging i kommunen med 10 eller fleire bueiningar/fritidseigedommar eller næringsbygg over samla 500kvm BRA, i tråd med det nemnde høyringsframlegget.

### **RÅDMANNENS FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne vedlagde framlegg til prinsipp for bruk av utbyggingsavtalar i Seljord kommune.

### **Behandling og avrøysting i Kommunestyret - 14.06.2007:**

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Kommunestyret - 14.06.2007:**

Kommunestyret godkjenner vedlagde framlegg til prinsipp for bruk av utbyggingsavtalar i Seljord kommune.